

## Spreke turistar gjennom Kvinnherad i dag!

10.09.2016



Jean og Arnaud er ute på ein skikkeleg sprekk Vestlandsferie

Mange har sikkert sett to springande karar dragande på kvar si vogn langs Kvinnheradsvegane i dag. Uskedalen.no møtte dei to hyggelege karane då dei var nedom Spar Uskedalen og handla litt proviant. Dei to hadde nett starta på ein Vestlandstur der løping, kajakkpadling og isbrebesøk er sentrale element.



Her vinkar dei farvel til Uskedalen.

Dei to viste seg å vera dei franske ingeniørstudentane Jean og Arnaud, begge 25 år, som heldt til i Paris. No var dei nett starta på ein 9 dagers Vestlandstur der to viktige mål var å besøkje Bondhusbreen og Jostedalbreen. Kanskje ikkje så spesielt at utanlandske turistar oppsøker norsk natur, men det som var spesielt var at dei skulle tilbakeleggja turen ved å padla kajakk og ved å jogga.

Dei fortalde at dei kom til Norge i går. Overnattinga hadde skjedd i medbrakt telt ved ferjekaien på Jektevik. Turen derfrå hadde gått i kajakk, og dei fortalde om litt sure verforhold til no med regn, litt kaldt og litt bølger. Dei hadde gått i land i Langåt. Der hadde dei pakka saman den samanleggbare kajakken og lagt den i vognene saman med resten av baggasjen. Deretter 'sela' dei på seg og sprang langs hovudvegen med vognene lett hoppande og trillande bak.

Sjølv då dei snakka om kaldt ver og bølger, dekkja store smil anleta deira. Dei visste godt at vermeldingane var gode utover i veka, og dei viste oss reiseruta på kartet dei hadde med. Godt planlagt var det nok. Første hovudmål var altså Bondhusbreen. Der rekna dei med å vera i morgon etter nok ei natt i teltet sitt.

Deretter skulle turen gå vidare nordover padlande over vatn og springande på land. Dei hadde 9 dagar på seg, og då skulle dei også ha besøkt Jostedalbreen. På spørsmål om tyngda på bagasjen dei hadde på vognene, var svaret rundt 30 kg. Ein tøff ferie for to spreke og smilande ungdommar. Og det franske flagget var sjølv sagt med!



Turen går i første omgang vidare innover mot Bondhusbreen.

Tekst, foto og nett: Thor inge Døssland